



Ordning for hovudgudsteneste

L = LITURG ML = MEDLITURG K = KYRKJELYD A = ALLE

(Handlingsinstruksar vert skrivne med raudt)

(Val-alternativ vert markert med grønt)

* tyder at kyrkjelyden som regel står her.

Innspelingar av den liturgiske musikken vert markert med lenker undervegs, der det finst. Her er tre samle-innspelingar av hovudseriane med liturgisk musikk med orgel (på bokmål).

Allmenn hovudserie 1 (den som er mest kjend frå før)

<https://www.youtube.com/watch?v=pCwCKztajmc>

Allmenn hovudserie 2 (den mest rytmiske)

<https://www.youtube.com/watch?v=1Zaua2QrTsE>

Allmenn hovudserie 3 (den mest forsongar-avhengige)

<https://www.youtube.com/watch?v=V5m4Ob6a88Q&t=12s>

Festtids-serien (til høgtidsdagar og påsketida)

<https://www.youtube.com/watch?v=Q5NoeJU9FsE&feature=youtu.be>

Fasteserien (fastetida)

<https://www.youtube.com/watch?v=bB8PWvZcGug&feature=youtu.be>

I SAMLING

1. Førebuing

Kyrkjerommet er ope ei stund før gudstenesta, med høve til å vera stille, tenna lys og be.

Klokkeringing

Her eller etter ledd 3 Helsing kan det vera

Kort informasjon om gudstenesta i dag ved medliturg eller liturg.

Informasjonen blir avslutta med:

ML/L: Lat oss vera stille for Gud.

Kort stille stund

Tre klokkeslag

Eit stjernetekn () er sett til ledd der kyrkjelyden som hovudregel står.*

2. *Inngangssalme

Som preludium kan det framførast vokal-eller instrumentalmusikk som svarar til dagens karakter. Til vanleg blir dette gjort som forspel til salmen.

Det kan vera prosesjon under preludiet/forspelet og/eller inngangssalmen. Prosesjonskross blir bore fremst i prosesjonen. Lys, tekstbok, dåpsvatn, brød og vin kan òg bli bore inn.

Dersom brød og vin ikkje er sett fram på eit eige sidebord, eller på altaret før gudstenesta, blir dette bore inn i prosesjonen og sett på sidebordet eller på altaret.

Kyrkjelyden står under prosesjon, Inngangssalme og Helsing.

3. *Helsing

Når det er dåp i hovudgudstenesta, vel ein eitt av dei to første inngangsorda.

Før dei to første alternativa til inngangsorda kan liturgen seia:

Kjære kyrkjelyd:

*L | Nåde vere med dykk og fred
frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.*

eller

*L | Vår Herre Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik
og Den heilage andens samfunn vere med dykk alle.*

eller

L | I namnet åt Faderen og (✠) Sonen og Den heilage ande.

eller

L | I namnet åt Faderen og (✠) Sonen og Den heilage ande: Vår skapar, frigjerar og livgjevar.

Kyrkjelyden set seg.

Dersom kort informasjon om gudstenesta ikkje vart gjeve under ledd 1, kan det koma her.

4. Samlingsbøn

Ein medliturg eller heile kyrkjelyden bed samlingsbøna. Når syndsvedkjenninga er lagd til samlingsdelen, er det ein medliturg som bed samlingsbøna, men heile kyrkjelyden seier fram syndsvedkjenninga.

ML | Lat oss be.

anten 1

ML | Gud, vi er komne inn ditt heilage hus for å ta imot det du vil gje oss. Lat no opp hjarta våre, så vi kan fornyast i trua på deg.

eller 2

ML | Heilage Gud, vi er samla for ditt andlet for å møta din kjærleik og di sanning.

Send oss din Ande og gjer oss opne for det du vil gje oss. Lat ordet ditt slå rot i hjarta våre, så Kristus lever i oss, og vi blir eitt i deg og tener deg i alle ting.

eller 3

ML | Gode Gud, du som gjev liv til alt som lever, vi prisar deg for alt det vakre på vår jord, og for alt som lèt oss kjenna at du er god.

Her for ditt andlet bed vi: Gjev oss lyttande øyre, takksame hjarte og tenande hender, så vi kan høyra ordet ditt, lovprisa deg for di miskunn, og i ord og gjerning vitna om dine storverk.

eller 4

ML | Herre, eg er komen inn i dette heilage huset ditt for å ta imot det som du Gud Fader, skaparen min, du Herre Jesus, frelsaren min, du heilage

Ande, trøystaren min i liv og død, vil gje meg. Lat no opp hjartet mitt ved din heilage Ande, så eg kan sørgja over syndene mine, leva i trua på din nåde og saman med heile ditt folk fornyast kvar dag i eit sant og heilagt liv.

eller 5

ML | Gud, du er midt iblant oss.

K | **Gud, du er midt iblant oss.**

ML | Du omgjev oss på alle sider.

K | **Du omgjev oss på alle sider.**

ML | Hald oss i di hand.

K | **Hald oss i di hand.**

Eller 6

I og med at denne samlingsbøna inneheld syndsvedkjenning, kan ein utelate syndsvedkjenninga elles i gudstenesta. Bøna blir sunge som veksel song mellom liturgen, medliturgen (forsongaren) og kyrkjelyden.

<https://vimeo.com/448936307>

L | *Trufaste Gud, du gjev oss nytt liv i den heilage dåpen.*

Vi blir merkte med krossteiknet (✝).

ML | Vi er dine born. Forny i dag vår tru og vår kjærleik.

Medliturgen auser opp vatn tre gonger frå døypefonten.

L | *Som regnbogen lyser dine lovnader, Gud – eit teikn på di pakt med kvar levande skapning.*

ML | Vi kjem til deg med vår takk og vår song.

K | **Vi kjem til deg med vår takk og vår song.**

ML | Du er vår von.

K | **Du er vår von.**

L | *Du kjenner våre liv. Ingenting er løynt for deg.*

ML | Vi har gjort imot din vilje, vi har brote dine bod.

K | **Vi har gjort imot din vilje, vi har brote dine bod.**

ML | Tilgjev oss, Gud.

K | **Tilgjev oss, Gud.**

L | *Du reiste Jesus opp frå grava.*

I dåpen blir vi reiste opp til nytt liv med han.

ML | Som regnbogen lyser dine lovnader, Gud,

- K | Som regnbogen lyser dine lovnader, Gud,**
ML | – eit teikn på di pakt med kvar levande skapning.
K | – **eit teikn på di pakt med kvar levande skapning.**

Eller 7

Denne bønna høver særleg godt i gudstenester med mange born. Ei gruppe born kan stå framfor kyrkjelyden og visa teikna. Dei i kyrkjelyden som ønskjer det, kan gjere handrørslene saman med borna.

Lyfte hender

L/ML | Kjære Gud, du er hos oss. Tenn ditt lys i oss.

Hendene i kryss framfor brystet

L/ML | Kjære Jesus, du går med oss. Lat oss få leva i din fred.

Hendene mot kvarandre framfor brystet med fingertuppene opp

L/ML | Kjære Gud, du ser oss. Ta imot våre tankar og stille bønner.

Hendene strekte ut framfor brystet med handflatene opp

L/ML | Kjære Jesus, du tek våre hender i dine. Lei oss på din gode veg.

Vi held dei som sit ved sita av oss i handa

L/ML | Gode heilage Ande, takk for at vi ikke er åleine. Hjelp oss å sjå kvarandre med kjærleik.

Eller 8

- ML |** Heilage Gud, du som har gjeve oss livet i gåve:
Takk for at du tek imot oss i dåpen og styrkjer oss i nattverdens måltid.
Lei oss ved ditt ord, og gjer oss opne for det du vil gje oss.

Eller 9

Samlingsbøner med kyrkjeårsvariable ledd.

ML | Lat oss be.

- ML |** Gud, vi er komne inn i ditt heilage hus for å ta imot det du vil gje oss.

Bøn for adventstida

Vi ventar på Jesus Kristus. Han kjem for å bryta mørkrets makt.

Bøn for julaftan

Du gav oss barnet i krubba i den heilage natta då englane song om frelse og fred på jorda.

Bøn for juledag

Du lét Ordet bli menneske og ta bustad mellom oss då Kristus, frelsaren vår, vart fødd.

Bøn for nyttårsdag

Du gjev frelse og fred i Jesu nham og går med oss inn i det nye året.

Bøn for openberringstida

I Kristus ser vi din herlegdom. Han er lyset i verda som skin for alle folkeslag.

Bøn for faste-etterfølging

Du kallar oss til å følgja Jesus, han som gav avkall på sitt eige for å tena deg.

Bøn for faste-pasjon

Du gav oss Jesus til frelse og fred. Hans død gjev liv og soning for syndene våre.

Bøn for Maria-bodskapsdag

Du støytt herskarar ned frå trona og lyfte opp dei låge. Vi takkar deg for Maria som fødte frelsaren for vår verd.

Bøn for påsketida

Du reiste Jesus opp av grava og sigra over dødens makt.

Bøn for Kristi-himmelfart

Du opphøgde son din Jesus Kristus og sette han ved di høgre hand.

Bøn for pinsedagane

Du sende tunger av ild over læresveinane og fylte dei med din heilage Ande.

Bøn for treeiningstida-allmenn

Du har gjeve oss ditt rike i Jesus Kristus og kallar oss ved din heilage Ande til tru og teneste.

Bøn for treeiningstida-skaparv

Du sender ut din Ande og liv blir skapt. Du fornyar andletet til vår jord og mettar oss med gode gåver.

Bøn for treeiningstida-olsok

Du sende bodberarar for å reisa krossmerket her nord. Du lèt oss sjå den krafta som blir fullenda i veikskap.

Bøn for treeiningstida-bots-bøne

Du tilgjev oss syndene våre og kallar oss til dagleg å venda om.

Bøn for treeiningstida-helgemess

Vi takkar deg for dei som har stridd den gode striden, fullført løpet og halde fast på trua. Du har sett oss eit evig mål hos deg.

Bøn for treeiningstida-minnedag

Du er den første og den siste. Din nåde er vårt håp og vår trøyst.

Bøn for konfirmasjon

Du tek imot oss i dåpen og er med oss alle våre dagar.

Bøn for syttendemai-samefolket

Du har kalla alle folk på jorda til å vera eitt og til å leva i fred og rettferd.

Bøn for forfylgde-8mars-1mai

Du har skapt alle menneske i ditt bilete og kallar oss til å verna om menneskeverdet.

Vi bed: Lat no opp hjarta våre, så vi kan fornyast i trua på deg.

eller

ML | Heilage Gud, vi er samla for ditt andlet for å møta din kjærleik og di sanning.

Bøn for adventstida

Bøn for julaftan

Bøn for juledag

Bøn for nyttårsdag

Bøn for openberringstida

Bøn for faste-etterfølging

Bøn for faste-pasjon

Bøn for Maria-bodskapsdag

Bøn for påsketida

Bøn for Kristi-himmelfart

Bøn for pinsedagane

Bøn for treeiningstida-allmenn

Bøn for treeiningstida-skaparv

Bøn for treeiningstida-olsok

Bøn for treeiningstida-bots-bøne

Bøn for treeiningstida-helgemess

Bøn for treeiningstida-minnedag

Bøn for konfirmasjon

Bøn for syttendemai-samefolket

Bøn for forfylgde-8mars-1mai

Vi bed: Send oss din Ande og gjer oss opne for det du vil gje oss. Lat ordet ditt slå rot i hjarta våre, så Kristus lever i oss, og vi blir eitt i deg og tener deg i alle ting.

eller

ML | Gode Gud:

Bøn for adventstida

Bøn for julaftan

Bøn for juledag

Bøn for nyttårsdag

Bøn for openberringstida

Bøn for faste-etterfølging

Bøn for faste-pasjon

Bøn for Maria-bodskapsdag

Bøn for påsketida

Bøn for Kristi-himmelfart

Bøn for pinsedagane

Bøn for treeiningstida-allmenn

Bøn for treeiningstida-skaparv

Bøn for treeiningstida-olsok

Bøn for treeiningstida-bots-bøne

Bøn for treeiningstida-helgemess

Bøn for treeiningstida-minnedag

Bøn for konfirmasjon

Bøn for syttendemai-samefolket

Bøn for forfylgde-8mars-1mai

Her for ditt andlet bed vi: gje oss lyttande øyre, takksame hjarte og tenande hender, så vi kan høyra ordet ditt, lovprisa deg for di miskunn, og i ord og gjerning vitna om dine storverk.

eller 10

Modell for lokalt utforma samlingsbøn

Til somme gudstenester kan ein bruka andre samlingsbøner enn dei som finst her. Bøner kan hentast frå ulike kjelder, eller dei kan formulerast lokalt.

1 Bøna skal vera eit uttrykk for tru og vedkjenning i kyrkja vår, og bøna skal vera liturgisk og poetisk berekraftig.

2 Det viktigaste i bøna er å gje ord til at vi er saman for Guds andlet, som fellesskap, som enkeltmenneske og som del av skaparverket. Bøna skal uttrykkja forventning og glede over møtet med Gud i gudstenesta.

3 Samlingsbøna kan leggja vekt på ulike motiv, til dømes:

- Kvar søndag ein oppstodedag

- Jesu Kristi nærvær når vi er samla i hans namn
- Å lengta etter å vera i Guds hus
- Takksemd over å vera funnen og teken imot av Gud
- Overgjeving til Gud
- Dåpspåminning
- Å vera open for det som Ordet gjer i våre livSamlinga om Ord og sakrament
- Kallet til oppbrot og etterfølging

eller 11

Samlingsbøn når det har hendt ulukker eller katastrofar

Når ei ulukke eller ein katastrofe har ramma lokalsamfunnet, nasjonen eller eit anna område i verda, er det naturleg å la opninga av hovudgudstenesta i kyrkjelyden bera preg av det.

Dette bør gjerast når ulukka og katastrofen er av ein slik art at det vedkjem heile kyrkjelyden, eller når hendinga er allment kjend og kyrkjelyden såleis er klar over kvifor dette blir nemnt. Når ulukke og sorg gjeld éin eller nokre få i kyrkjelyden, er det meir naturleg å ta dette med i forbøna i gudstenesta.

Eitt eller fleire høvelege bibelord kan brukast der samlingsbøna elles har sin plass, til dømes: Sal 130,1–2; Sal 38,22–23; Sal 44,25–27; Sal 10,1; 12b; 14.

Saman med eller i staden for bibelordet kan ein be ei høveleg bøn, utforma lokalt eller henta frå Sørgjegudstenesta, Bønebok for Den norske kyrkja (sjå bøn nr. 144, 145, 146 og 163) – eller andre kjelder. Som bøn kan òg eit velvalt salmevers brukast, til dømes N13: 747, 749, 750, 751 og 678.

Bøna kan innleiast med nokre ord om den aktuelle ulukka eller katastrofen. Dersom ein bruker bibelord, kan liturgen seia:

- ⌋ Våre ord kjem til kort i møte med det ufattelege. Lat oss difor henta ord frå Bibelen til vår klage og bøn.*

Etter bøna kan det vera ei stille stund, som kan innleiast slik:

- ⌋ Lat oss vera stille i ettertanke og bøn.*

Ein tilrår at gudstenesta held fram med Kyrie eleison eller eit høveleg kyrielitani.

ML | Gud, vi bed.

A | Amen.

5. Syndsvedkjenning

Følgjer her, eller som ledd 17. Syndsvedkjenninga blir innleidd med:

L | Lat oss bøya oss for Gud og sanna syndene våre.

eller

L | Lat oss bøya oss for Gud og be om tilgjeving.

eller

L | I tillit til Guds nåde vil vi sanna syndene våre.

eller

L | I tillit til Guds nåde vil vi be om tilgjeving.

Stilt ei kort stund

Liturgen kneler under syndsvedkjenninga og den stille stunda. Også kyrkjelyden kan knela.

anten a

A | Gud, ver meg nådig!

**Eg har synda mot deg og svikta min neste
– med tankar og ord, med det eg har gjort,
og med det eg har forsømt.**

Tilgjev meg mi synd for Jesu Kristi skuld.

Skap i meg eit reint hjarte,

og gjev meg kraft til nytt liv ved din heilage Ande.

eller b

A | Gud, ver meg nådig!

Tilgjev meg mi synd for Jesu Kristi skuld.

Skap i meg eit reint hjarte,

og gjev meg kraft til nytt liv ved din heilage Ande.

eller c

- A | Gud, du kjenner og elsker oss alle.
Du vil at vi skal ta vare på kvarandre og på jorda.
Vi veit at vi sviktar og gjer deg imot.
Tilgjev oss og hjelp oss, for Jesu skuld.**

eller d

- A | Heilage Gud, vår skapar, sjå i nåde til oss.
Vi har synda mot deg og brote boda dine.
Tilgjev oss for Jesu Kristi skuld.
Set oss fri til å tena deg,
verna om skaparverket
og møta vår neste med kjærleik.**

Det er også høve til å nytta syndsvedkjenninga frå 1977-ordninga:

- A | Heilage Gud, himmelske Far, sjå i nåde til meg, syndige menneske,
som har såra deg med tankar, ord og gjerningar og kjenner den vonde
hug i hjarta mitt.
For Jesu Kristi skuld, ha tol med meg. Tilgjev meg alle mine synder og
gjev at eg må ottast og elska einaste deg.**

*Til somme gudstenester kan ein bruka andre syndsvedkjenningar enn
desse fem alternativa. Bøna kan hentast frå ulike kjelder, eller ho kan
formulerast lokalt.*

Liturgen kan seia eit lovnadsord etter syndsvedkjenninga:

- L | Guds ord seier: dersom vi sannar syndene våre, er han trufast og
rettferdig, så han tilgjev oss syndene og reinsar oss for all urettferd. 1
Joh 1,9**

eller

- L | Så høg som himmelen er over jorda, så veldig er hans miskunn over dei
som fryktar han. Så langt som aust er frå vest, tek han syndene våre
bort frå oss. Sal 103,11-12**

6. Bønerop Kyrie og

7. Lovsong Gloria

Kyrie og Gloria blir sungne. Gloria kan utelatast i fastetida.

Musikken og teksten til ordinarieledda i gudstenesta blir normalt henta frå dei fem godkjende seriane i Den norske kyrkja. Sjå notar til musikken i Liturgisk musikk eller Gudstenestebok for Den norske kyrkja.

Allmenn serie 1

anten kyrie 1 a <https://vimeo.com/448904285>

- A | **Kyrie eleison. Gud Fader, miskunna deg.
Kriste eleison. Herre Krist, miskunna deg.
Kyrie eleison. Heilag Ande, miskunna deg.**

eller kyrie 1 b <https://vimeo.com/448904357>

- A | **Kyrie eleison. Gud Fader, miskunna deg.
Kriste eleison. Herre Krist, miskunna deg.
Kyrie eleison. Heilag Ande, miskunna deg.**

anten gloria 1 a <https://vimeo.com/448897570>

L/ML | Ære vere Gud i det høgste

- K | **og fred på jorda blant menneske som Gud har glede i. Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg. Ved kort form: Amen.**

Ved fullstendig form (Laudamus):

ML | Vi hyllar deg for din store herlegdom, Herre Gud, himmelske konge, allmektige Fader.

- K | **Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg.**

ML | Herre, Guds einborne Son, Jesus Kristus, Guds Lam som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss. Du som sit ved Faderens høgge hand, høyr vår bøn.

- K | **Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg.**

ML | For einast du er heilag, einast du er Herren, einast du er Den høgste, Jesus Kristus, med Den heilage ande i Faderens herlegdom.

- K | **Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg. Amen.**

eller gloria 1 b <https://vimeo.com/448897632>

L/ML | Ære vere Gud i det høgste

- K | **og fred på jorda blant menneske som Gud har glede i. Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg. Ved kort form: Amen.**

Ved fullstendig form (Laudamus):

A | Vi lovar, prisar, tilbed deg, vi gjev deg takk og ære. Med evig truskap herskar du, ditt namn velsigna vere! Ja, utan grenser er di makt og alt må skje som du har sagt, du allmakts Gud og Fader.

Å Jesus Krist, Guds eigen Son, som herskar med din Fader, forsonar, ver vår hjelp og von, og trøyst mot alt som skader. Gjev oss din nåde, du Guds Lam, som bar all verdsens synd og skam, du Herre, høg og heilag.

Du Heilag Ande, største skatt, du kan oss evig trøyste, og verne dei mot Satans vald som Jesus Krist forløyste. I naud og fare styrk vår von, ved trua på Guds eigen Son, og gjer oss sæle. Amen.

eller gloria 1 c <https://vimeo.com/448897467>

Salmen Måne og sol (N13: 240), eventuelt med innleiing:

L/ML | Syng for Herren, pris hans namn. Forkynn frå dag til dag hans frelse.

[T Britt G. Hallqvist 1973] [O Til norsk 1974] [M Egil Hovland 1974]

A | 1 Måne og sol, vindar og hav og blommar og barn skapte vår Gud. Himmel og jord, allting er hans, Herren vår Gud vil vi takka.

REFR. Herre, vi takkar deg, Herre, vi prisar deg, Herre, vi lovsyng ditt heilage namn!

2 Jesus, Guds Son, død på ein kross, for alle, for oss, lever i dag. Ja, han er her, ja, han er her. Herren vår Gud vil vi takka. (refr.)

3 Anden, vår trøyst, levande, varm og heilag og sterk, talar om Gud, leier oss fram dag etter dag. Herren vår Gud vil vi takka. (refr.)

eller

Allmenn serie 2

Her kan du høyre innspeling med band:

<https://kirken.no/globalassets/kirken.no/aktuelt/filer-2019/kyrie-master-v2.wav>

Her kan du høyre innspeling med orgel:

<https://www.youtube.com/watch?v=1Zaua2QrTsE&feature=youtu.be>

A | **Kyrie eleison. Miskunna deg over oss.
Krisite eleison. Miskunna deg over oss.
Kyrie eleison. Miskunna deg over oss.**

Her kan du høyre innspeling med band:

<https://kirken.no/globalassets/kirken.no/aktuelt/filer-2019/gloria-master-v1.wav>

L/ML | Ære vere Gud i det høgste

K | **og fred på jorda blant menneske som Gud har glede i. Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg. Ved kort form: Amen.**

Ved fullstendig form (Laudamus):

ML | Lova vere Gud, vår skapar, vi jublar over dine verk.

K | **Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg.**

ML | Lova vere Jesus, vår frelsar, du viser oss vegen til liv.

K | **Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg.**

ML | Lova vere Anden, vår trøystar, du fyller oss med glede og fred.

K | **Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg. Amen.**

eller

Allmenn serie 3

For innspeling, sjå samleinnspelinga som er nemnt først i dokumentet.

ML | Herre, miskunna deg.

K | **Herre, miskunna deg.**

ML | Kristus, miskunna deg.

K | **Kristus, miskunna deg.**

ML | Herre, miskunna deg.

K | **Herre, miskunna deg.**

L/ML | Ære vere Gud i det høgste.

K | **Ære vere Gud i det høgste.**

ML | Herre, vi lovar, Herre, vi prisar deg.

K | **Ære vere Gud i det høgste. Ved kort form: Amen.**

Ved fullstendig form (Laudamus):

ML | Herre, vi hyllar deg for din herlegdom.

K | Ære vere Gud i det høgste.

ML | Herre Gud Fader, du er allmektig.

K | Ære vere Gud i det høgste.

ML | Herre Jesus Kristus, du er Guds einborne Son.

K | Ære vere Gud i det høgste.

ML | Herre, du er heilag, du er miskunnsam.

K | Ære vere Gud i det høgste.

ML | Du er Den høgste, Herre Jesus Kristus.

K | Ære vere Gud i det høgste. Amen.

eller

Serie for festtidene

For innspeling, sjå samleinnspelinga som er nemnt først i dokumentet.

ML | Kyrie eleison.

K | Kyrie eleison.

ML | Kriste eleison.

K | Kriste eleison.

ML | Kyrie eleison.

K | Kyrie eleison.

L/ML | Ære vere Gud i det høgste

K | **og fred på jorda blant menneske som Gud har glede i. Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg. Ved kort form: Amen.**

Ved fullstendig form (Laudamus):

ML | Vi hyllar deg for din store herlegdom, Herre Gud, himmelske konge, allmektige Fader.

K | Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg.

ML | Herre, Guds einborne Son, Jesus Kristus, Guds Lam som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss. Du som sit ved Faderens høgge hand, høyr vår bøn.

K | Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg.

ML | Einast du er heilag, einast du er Herren, einast du er Den høgste, Jesus Kristus, med Den heilage ande i Faderens herlegdom.

K | Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg. Amen.

eller

Serie for fastetida

For innspeling, sjå samleinnspelinga som er nemnt først i dokumentet.

A | Kyrie eleison. Herre, miskunna deg. Kriste eleison. Kristus, miskunna deg. Kyrie eleison. Herre, miskunna deg.

I fasteserien er det ikkje eit eige glorialedd.

Ved somme høve kan bønneropet bli utforma som eit litani (N13: 981) eller som lokalt utforma kyrielitani med omkved frå N13: 976. I særskilde gudstenester kan ein også nytta eit anna kyrie.

Ved somme gudstenester kan ein nytta ein annan lovsong eller eitt eller fleire lovsongsomkved.

Dåp i hovudgudstenesta har ein vanlegvis her.

8. Dagens bøn

Dagens bøn kan utelatast. Bøna blir sunge eller sagt fram.

Bøna blir innleidd med:

L | Lat oss alle be.

Bøna blir avslutta med:

K | Amen.

II ORDET

I andre hovudgudstenester enn høgmissa kan det vera to lesingar, eller éi lesing (evangeliet). Då kan ledd 10 Bibelsk Salme / Salme falla bort.

Kyrkjelyden står under evangelielesinga og sit under dei andre lesingane.

L/ML | Lat oss høyra Herrens ord.

9. Første lesinga

Frå Det gamle testamentet

ML | Det står skrive i/hos...

Lesinga sluttar med:

ML | Slik lyder Herrens ord.

10. Bibelsk salme / Salme

Ein kan syngja ein bibelsk salme eller ein annan salme, det kan framførast korsong eller vera stilt ei kort stund mellom lesingane.

11. Andre lesinga

Frå Det nye testamentet utanom evangelia

ML | Det står skrive i/hos...

Lesinga sluttar med:

ML | Slik lyder Herrens ord.

12. *Evangelium

Halleluja

Evangelielesinga blir innleidd med eit hallelujaomkvede eller eit salmevers med hallelujaomkvede. Ein kan òg ha evangelieprosesjon. Den som ber boka kan bli følgd av lysberarar.

Sjå hallelujaomkvede i N13: 977.1-7.

Også Lovprising/Benedicamus i ledd 25 kan nyttast som hallelujaomkvede.

I fastetida kan ein erstatta halleluja med eit sunge svarledd med eit innhald som svarar til fastetida (tractus). Som tractus kan ein til dømes syngja desse salmane: N13: 926, 927, 928, 932 og 939.

Evangelielesing

L/ML | Det står skrive i evangeliet etter...

Lesinga sluttar med:

L/ML | Slik lyder det heilage evangeliet.

Respons

Hallelujaomkvedet blir teke oppatt, eller det blir sunge ein kort salme eller eit anna svarledd ved kyrkjelyd eller kor. På førstedagar kan ein syngja eit høgtidsvers som respons (N13: 41, 193, 228).

13. Preike

Predikanten preikar over evangelieteksten eller annan oppsett preiketekst.

Preika kan avsluttast med ei av desse lovprisingane:

L | Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som var og er og vera skal éin sann Gud frå æve og til æve.

eller

L/ML | Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande: Vår skapar, frigjerar og livgjevar.

Etter preika kan det vera høve til ei stille stund, ein kort salme eller meditativ musikk.

14. *Truvedkjenning credo

Truvedkjenninga blir sunge eller sagt fram.

Dersom det er dåp i gudstenesta, kan truvedkjenninga utelatast her. Eventuelt kan ein her syngja ein truvedkjenningssalme.

Innspeling med orgel: <https://vimeo.com/448908318>

ML/L | Lat oss vedkjennast vår heilage tru.

A | Eg trur på Gud Fader, den allmektige, som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus, Guds einborne Son, vår Herre, som vart avla ved Den heilage ande, fødd av Maria møy, pint under Pontius Pilatus, vart krossfest, døydde og vart gravlagd, fór ned til dødsriket, stod opp frå dei døde tredje dagen, fór opp til himmelen, sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader, skal koma att derifrå og døma levande og døde.

Eg trur på Den heilage ande, ei heilag, allmenn kyrkje, eit samfunn av dei heilage, forlating for syndene, oppstoda av lekamen og evig liv. Amen.

eller

Innspeling med orgel: <https://vimeo.com/448908216>

A | Vi trur på éin Gud, den allmechtige Far, som har skapt himmel og jord, alt synleg og usynleg.

Vi trur på éin Herre, Jesus Kristus, Guds einborne Son, fødd av Faderen før alle tider, Gud av Gud, lys av lys, sann Gud av sann Gud, fødd, ikkje skapt, av same vesen som Faderen. Ved han er alt skapt. For oss menneske og til vår frelse steig han ned frå himmelen, og ved Den heilage ande og av Maria møy vart han menneske av kjøt og blod. Han vart krossfest for oss under Pontius Pilatus, leid og vart gravlagd, stod opp tredje dagen etter Skriftene og fór opp til himmelen, sit ved høgre handa åt Faderen, skal koma att i herlegdom for å døma levande og døde, og hans rike skal vera utan ende.

Vi trur på Den heilage ande, som er Herre og gjer levande, som går ut frå Faderen og Sonen, som vert tilbeden og æra saman med Faderen og Sonen og som har tala gjennom profetane. Vi trur på éi heilag, allmenn og apostolisk kyrkje. Vi vedkjennest éin dåp til forlating for syndene og ser fram til oppstoda av dei døde og eit liv i den komande verda. Amen.

15. Salme

Salmen kan utelatast dersom ein syng truvedkjenninga. Som alternativ kan ein syngja salmen mellom ledda 13 Preike og 14 Truvedkjenning.

16. Kunngjeringar

Ein har kunngjeringar her eller ein annan stad i gudstenesta, eller formidlar desse til kyrkjelyden på annan måte.

17. Syndsvedkjenning

Følgjer her eller som ledd 5.

Før innleiingsordet kan liturgen seia:

- L | Vår Herre Jesus Kristus seier: Du skal elska Herren din Gud av heile ditt hjarte og av heile di sjel og av alt ditt vit. Dette er det største og første bodet. Men det andre er like stort: Du skal elska nesten din som deg sjølv. Matt 22,37–39*

Synsvedkjenninga blir innleidd med:

- L | Lat oss bøya oss for Gud og sanna syndene våre.*

eller

- L | Lat oss bøya oss for Gud og be om tilgjeving.*

eller

- L | I tillit til Guds nåde vil vi sanna syndene våre. eller*

- L | I tillit til Guds nåde vil vi be om tilgjeving.*

Kort stille stund

Liturgen kneler under synsvedkjenninga og den stille stunda. Også kyrkjelyden kan knela.

anten a

- A | Gud, ver meg nådig! Eg har synda mot deg og svikta min neste - med tankar og ord, med det eg har gjort, og med det eg har forsømt. Tilgjev meg mi synd for Jesu Kristi skuld. Skap i meg eit reint hjarte, og gjev meg kraft til nytt liv ved din heilage Ande.**

eller b

- A | Gud, ver meg nådig! Tilgjev meg mi synd for Jesu Kristi skuld. Skap i meg eit reint hjarte, og gjev meg kraft til nytt liv ved din heilage Ande.**

eller c

- A | Gud, du kjenner og elsker oss alle. Du vil at vi skal ta vare på kvarandre og på jorda. Vi veit at vi sviktar og gjer deg imot. Tilgjev oss og hjelp oss, for Jesu skuld.**

eller d

- A | Heilage Gud, vår skapar, sjå i nåde til oss. Vi har synda mot deg og brote boda dine.**

Tilgjev oss for Jesu Kristi skuld. Set oss fri til å tena deg, verna om skaparverket og møta vår neste med kjærleik.

Det er også høve til å nytta synsvedkjenninga frå 1977-ordninga:

- A | Heilage Gud, himmelske Far, sjå i nåde til meg, syndige menneske, som har såra deg med tankar, ord og gjerningar og kjenner den vonde hug i hjarta mitt. For Jesu Kristi skuld, ha tol med meg. Tilgjev meg alle mine synder og gjev at eg må ottast og elska einaste deg.**

Til somme gudstenester kan ein bruka andre syndsvedkjenningar enn desse fem alternativa. Bøna kan hentast frå ulike kjelder, eller ho kan formulerast lokalt.

Liturgen kan seia eit lovnadsord etter syndsvedkjenninga:

- L | Guds ord seier: Dersom vi sannar syndene våre, er han trufast og rettferdig, så han tilgjev oss syndene og reinsar oss for all urettferd. 1 Joh 1,9**
- eller*
- L | Så høg som himmelen er over jorda, så veldig er hans miskunn over dei som fryktar han. Så langt som aust er frå vest, tek han syndene våre bort frå oss. Sal 103,11-12**

18. Forbøn for kyrkja og verda

Sjå forbønstema, forbønsmodellar, formulerte forbøner og litani.

Forbøna kan utformast lokalt, eller ein kan bruka ferdig formulerte bøner.

Forbøna bør helst leiast av ein medliturg. Dei enkelte bønneavsnitta kan lesast av fleire.

Kvart bønneavsnitt kan avsluttast med:

ML/L | Gud, vi bed.

eller

ML/L | Det bed vi deg om, Gud.

Lese eller sunge av den som bed bønneavsnittet.

Forbøna med lokal utforming kan disponerast etter desse temaområda:

1. Folk og nasjonar på jorda.
2. Vårt land og folk.
3. Den verdsvide kyrkja og kyrkja i vårt eige land.
4. Vår kyrkjelyd, familiane våre og staden der vi bur.

5. Aktuelle hendingar.

Ein bed for aktuelle hendingar i dei temaområda der dei naturleg høyrer heime (1–4), eller i eit eige avsnitt (5). Dersom det er dåp i hovudgudstenesta, kan ein òg be ei av dei tre bønene frå dåpsliturgien (ledd 7).

I fastetida og på Bots- og bønedaag nyttar ein som hovudregel litaniet.

Forbøna kan bli innleidd med:

ML/L | Lat oss be for kyrkja og verda.

Kyrkjelydssvar

Etter kvart bønneavsnitt følgjer eit svar frå kyrkjelyden, sunge eller lese.

anten <https://vimeo.com/447782487>

M | Herre, høyr vår bøn.

eller <https://vimeo.com/447801541>

M | Høyr vår bøn. Høyr vår bøn. Lat riket ditt koma, lat viljen din råda. Høyr vår bøn.

eller <https://vimeo.com/447807500>

M | Herre, høyr vår bøn.

eller <https://vimeo.com/447809990>

M | Herre, vår Gud, høyr oss når vi bed.

Andre alternativ:

<https://vimeo.com/447816282>

<https://vimeo.com/448112367>

<https://vimeo.com/448112367>

<https://vimeo.com/448118990>

<https://vimeo.com/448123148>

<https://vimeo.com/448123778>

<https://vimeo.com/448125111>

Etter siste bønneavsnitt syng alle

M | Amen.

Vi minnest dei døde og bed for dei sørgjande

Forbøna kan avsluttast med at kyrkjelyden minnest dei som er døde, og som det har vore halde gravferd for sidan sist kyrkjelyden var samla.

ML/L | **Vi reiser oss og minnest dei i kyrkjelyden vår som det er halde gravferd for sidan sist vi var samla.**

Kyrkjelyden reiser seg.

Ein les opp namna på dei døde. Kort stille stund.

ML/L | **Lær oss å telja våre dagar så vi kan få visdom i hjartet! Sal 90,12**

eller

ML/L | **Jesus seier: «Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr.» Joh 11,25**

eller

ML/L | **No er livet gøymt hos Gud. Vi overgjev alt til han. Håpet er tent i liv og død. Ingen er gløymd av Gud. (N13: 872,5 – her omsett til nynorsk, T Svein Ellingsen)**

Deretter kan ein be denne eller ei liknande bøn:

ML/L | **Miskunnsame Gud, trøyst dei sørgjande og ver dei nær i tida som kjem.**

Her kan kyrkjelyden syngja svaret dei song i forbøna.

Bønevandring kjem som hovudregel under forbøna i gudstenesta (ledd 18), men kan eventuelt koma samstundes med nattverdsutdelinga, når ein har bede ei felles forbøn i forbønsdelen. Om ein bed ei bøn for dei som har delteke i ulike stasjonar i bønevandringa, skal ein ikkje kombinera denne bønna med Takkebøn for nattverden etter måltidet.

19. Takkoffer frå kyrkjelyden

Takkoffer kan ein samla inn her eller under salmen i ledd 20, eventuelt under ledd 27.

Under ofringa kan det framførast høveleg instrumental- eller vokalmusikk. Takkofferet kan samlast inn i kyrkjebenkene eller ved at ein går rundt altaret.

Ofringa avsluttast med:

L | Evige Gud, di er jorda og det som fyller henne. Alt vi eig høyrer deg til. Av ditt eige gjev vi deg attende.

A eller L | Ta imot oss og gåvene våre i Jesu namn. Amen.

Om nattverd ikkje er med i hovudgudsteneste, går liturgien vidare med ledd 24.

III NATTVERD

20. Førebuing av måltidet

Nattverdssalme

Takkofferet kan ein samla inn her eller under ledd 19, eventuelt under ledd 27. Innsamlinga kan skje før ein syng salmen, eller medan ein syng.

Bordet blir dekket. Ein legg brød på disken og heller vin i begeret.

Ofringa blir avslutta med:

L | Velsigna er du, Gud. Di er jorda og det som fyller henne. Av ditt eige gjev vi deg attende. Sameina di kyrkje av alle folkeslag og tungemål. Liksom kornet har vorte eitt i brødet og druene i vinen, så gjer oss til eitt med kvarandre og med Herren Jesus Kristus.

A eller L | Ta imot oss og gåvene våre i Jesu namn. Amen.

eller

L | Evige Gud, di er jorda og det som fyller henne. Alt vi eig høyrer deg til. Av ditt eige gjev vi deg attende.

A eller L | Ta imot oss og gåvene våre i Jesu namn. Amen.

21. *Takkseiing og bøn

Nattverdsbøn a (Omarbeidd frå høgmissa 1977)

Helsing PREFASJONSDIALOG

*L | Herren vere med dykk. **Kyrkjelyden reiser seg og syng***

*K | **Og med deg vere Herren.***

L | Lyft dykkar hjarte.

K | **Vi lyfter våre hjarte til Herren.**

L | *Lat oss takka Herren vår Gud.*

K | **Det er verdig og rett.**

Innleiande lovprising PREFASJON

Liturgen vender seg mot altaret og syng eller seier fram prefasjonen.

Sjå prefasjonar for kyrkjeårstida.

I treeiningstida

L | *I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmektige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som du sende til frelse for verda, for at vi ved hans død skulle få forlating for syndene og ved hans oppstode vinna det evige livet. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:*

eller

L | *I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmektige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre. Han er det levande brødet som kjem ned frå himmelen og gjev verda liv, så den som kjem til han, ikkje skal svelta, og den som trur på han, aldri skal tørsta. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:*

Heilag SANCTUS

Allmenn serie 1, 2, fest- og fasteserien

Innspeling av Allmenn serie 1 med orgel: <https://vimeo.com/448936250>

Innspeling av Allmenn serie 2 med band:

<https://kirken.no/globalassets/kirken.no/aktuelt/filer-2019/sanctus-master-v1.wav>

A syng | **Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot. All jorda er full av din herlegdom. Hosianna i det høgste. Velsigna vere han som kjem i Herrens namn. Hosianna i det høgste.**

eller

Allmenn serie 3

For innspeling, sjå samleinnspelinga som er nemnt først i dokumentet.

ML og A syng

ML | Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.

A | **Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.**

ML | Du er Herre over himmel og jord.

A | **Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.**

ML | Du er herleg og mektig og stor.

A | **Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.**

ML | Du har sendt oss Jesus Kristus, din Son.

A | **Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.**

ML | Velsigna er han som kjem i Herrens namn.

A | **Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.**

L/ML seier | *Vi prisar deg, heilage Gud, Skapar av himmel og jord, du som har elska verda og gjeve Son din, Jesus Kristus, for at han skulle frelsa oss frå synd og død og vinna deg eit heilag folk.*

L | *Vi bed deg: Send din Ande over dine gåver, så vi kan ta imot Jesus Kristus i brødet og vinen.*

Innstiftingsorda Verba

L | *Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Like eins tok han begeret etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av det! Dette beger er den nye pakt i mitt blod, som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av det, så gjer det til minne om meg.*

Når liturgen syng eller seier fram orda, eller etter kvar del av innstiftingsorda, lyfter liturgen først brødet, deretter vinen.

Her kan følgja

Mysteriet i trua

Blir sunge eller sagt fram.

L | Mysteriet i trua er stort.

A | **Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att. Han vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.**

L/ML seier | *Nådige Gud, til minne om Son din, han som leid og døydde for oss, feirar vi med glede og takk dette måltidet i trua på hans sigerrike oppstode og himmelferd medan vi ventar på at han kjem att i herlegdom. Vi bed deg: Fyll oss med din Ande og kjærleik, så vi kan kjenna att Kristus i den som svelt og tørstar. Lær oss å elska kvarandre som han har elska oss, og lat oss ein gong samlast hos deg i ditt fullkomne rike.*

Nattverdsliturgien går vidare med Fadervår.

Nattverdsbøn b (Etter Hippolyt, frå 200-talet)

Helsing PREFASJONSDIALOG

L | *Herren vere med dykk. **Kyrkjelyden reiser seg og syng***

K | **Og med deg vere Herren.**

L | *Lyft dykkar hjarte.*

K | **Vi lyfter våre hjarte til Herren.**

L | *Lat oss takka Herren vår Gud.*

K | **Det er verdig og rett.**

Innleiande lovprising PREFASJON

Liturgen vender seg mot altaret og syng eller seier fram kyrkjeårsprefasjonen, eller følgjande ord:

L | *Vi takkar deg, Gud, ved Son din Jesus Kristus. Han er det evige Ordet, og ved dette Ordet skapte du alt. Då tida var inne, sende du han til verda som frelsar og frigjerar. Difor prisar vi deg, saman med alle dine heilage i himmelen og på jorda:*

Heilag SANCTUS

Allmenn serie 1, 2, fest- og fasteserien

Innspeling av Allmenn serie 1 med orgel: <https://vimeo.com/448936250>

Innspeling av Allmenn serie 2 med band:

<https://kirken.no/globalassets/kirken.no/aktuelt/filer-2019/sanctus-master-v1.wav>

A syng | Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot. All jorda er full av din herlegdom. Hosianna i det høgste. Velsigna vere han som kjem i Herrens namn. Hosianna i det høgste.

eller

Allmenn serie 3

For innspeling, sjå samleinnspelinga som er nemnt først i dokumentet.

ML og A syng

ML | Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.

A | Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.

ML | Du er Herre over himmel og jord.

A | Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.

ML | Du er herleg og mektig og stor.

A | Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.

ML | Du har sendt oss Jesus Kristus, din Son.

A | Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.

ML | Velsigna er han som kjem i Herrens namn.

A | Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.

L/ML | *Vi prisar deg Gud for Jesus Kristus, din tenar. Han kom frå himmelen, og ved Den heilage ande og Maria møy vart han menneske av kjøt og blod Han oppfylte din vilje då han strekte hendene ut på krosstreet. Slik gjorde han døden til inkjes, braut vondskapens lenkjer og openberra oppstoda frå dei døde. Difor minnest vi hans død og oppstode når vi ber brødet og vinen fram for deg.*

L | *Vi bed deg: Send din heilage Ande over desse gåvene, så dei for oss blir brødet til liv og begeret til frelse.*

Innstiftingsorda VERBA

L | *Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg.*

Like eins tok han begeret etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av det! Dette beger er den nye pakt i mitt blod, som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av det, så gjer det til minne om meg.

Når liturgen syng eller seier fram orda, eller etter kvar del av innstiftingsorda, lyfter liturgen først brødet, deretter vinen.

Her kan følgja

Mysteriet i trua

Blir sunge eller sagt fram.

L | Mysteriet i trua er stort.

A | **Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att. Han vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.**

L/ML | *Lat alle som får del i brødet og vinen, sameinast til eitt. Fyll oss med din heilage Ande og grunnfest oss i sanninga, så vi kan prisa deg i di heilage kyrkje no og i all æve.*

Nattverdsliturgien går vidare med Fadervår.

Nattverdsbøn c (Byggjer på paulinske tekstar)

Helsing PREFASJONSDIALOG

L | *Herren vere med dykk. **Kyrkjelyden reiser seg og syng***

K | **Og med deg vere Herren.**

L | *Lyft dykkar hjarte.*

K | **Vi lyfter våre hjarte til Herren.**

L | *Lat oss takka Herren vår Gud.*

K | **Det er verdig og rett.**

Innleiande lovprising PREFASJON

Liturgen vender seg mot altaret og syng eller seier fram kyrkjeårsprefasjonen, eller følgjande ord:

L | *Å, for eit djup av rikdom og visdom og kunnskap hos deg, Gud! Himlane fortel om din herlegdom, og jorda vitnar om dei verk dine hender har*

gjort. Saman med dei truande gjennom alle tider vil vi prisa ditt heilage namn:

Heilag SANCTUS

Allmenn serie 1, 2, fest- og fasteserien

Innspeling av Allmenn serie 1 med orgel: <https://vimeo.com/448936250>

Innspeling av Allmenn serie 2 med band:

<https://kirken.no/globalassets/kirken.no/aktuelt/filer-2019/sanctus-master-v1.wav>

A syng | Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot. All jorda er full av din herlegdom. Hosianna i det høgste. Velsigna vere han som kjem i Herrens namn. Hosianna i det høgste.

eller

Allmenn serie 3

For innspeling, sjå samleinnspelinga som er nemnt først i dokumentet.

ML og A syng

ML | Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.

A | Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.

ML | Du er Herre over himmel og jord.

A | Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.

ML | Du er herleg og mektig og stor.

A | Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.

ML | Du har sendt oss Jesus Kristus, din Son.

A | Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.

ML | Velsigna er han som kjem i Herrens namn.

A | Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.

L/ML | Heilag og miskunnsam er du, Gud, som ikkje vende deg bort då mennesket synda, men gav lovnaden din til Abraham om velsigning for alle folkeslag. Mektig og trufast er du, som sette folket ditt fri frå trældom, og fornya lovnadene gjennom profetane.

Då tida var inne, sende du Son din, fødd av Maria, for å kjøpa oss fri og gje oss retten til å vera dine born. Ved hans død på krossen forsona du

alt med deg sjølv og skapte fred, og ved hans oppstode vart døden overvunnen.

Samein oss i trua på din nåde, så vi kan ta imot Jesu lekam og blod til forsoning og fred, og forkynna hans død til han kjem.

Innstiftingsorda VERBA

- L |** *Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Like eins tok han begeret etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av det! Dette beger er den nye pakt i mitt blod, som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av det, så gjer det til minne om meg.*

Når liturgen syng eller seier fram orda, eller etter kvar del av innstiftingsorda, lyfter liturgen først brødet, deretter vinen.

Her kan følgja

Mysteriet i trua

Blir sunge eller sagt fram.

- L |** Mysteriet i trua er stort.
- A |** **Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att. Han vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.**
- L/ML |** *Evige Gud, forny oss ved din Ande. Saman med alt som er skapt, ventar vi med lengsel på å bli frigjorde frå det forgjengelege og få del i den fridomen som dine born skal eiga i herlegdomen. Frå deg og ved deg og til deg er alle ting. Deg vere ære i all æve!*

Nattverdsliturgien går vidare med Fadervår.

Nattverdsbøn d (Byggjer på Emmausforteljinga, Luk 24)

Helsing PREFASJONSDIALOG

- L |** *Herren vere med dykk. **Kyrkjelyden reiser seg og syng***
- K |** **Og med deg vere Herren.**
- L |** *Lyft dykkar hjarte.*

K | Vi lyfter våre hjarte til Herren.

L | Lat oss takka Herren vår Gud.

K | Det er verdig og rett.

Innleiande lovprising PREFASJON

Liturgen vender seg mot altaret og syng eller seier fram kyrkjeårsprefasjonen, eller følgjande ord:

L | Vi prisar deg, evige Gud, du som har skapt verda og alt som er i henne. Det er i deg vi lever, rører oss og er til. Saman med din kyrkjelyd i himmelen og på jorda lovsyng vi ditt heilage namn:

Heilag SANCTUS

Allmenn serie 1, 2, fest- og fasteserien

Innspeling av Allmenn serie 1 med orgel: <https://vimeo.com/448936250>

Innspeling av Allmenn serie 2 med band:

<https://kirken.no/globalassets/kirken.no/aktuelt/filer-2019/sanctus-master-v1.wav>

A syng | Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot. All jorda er full av din herlegdom. Hosianna i det høgste. Velsigna vere han som kjem i Herrens namn. Hosianna i det høgste.

eller

Allmenn serie 3

For innspeling, sjå samleinnspelinga som er nemnt først i dokumentet.

ML og A syng

ML | Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.

A | Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.

ML | Du er Herre over himmel og jord.

A | Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.

ML | Du er herleg og mektig og stor.

A | Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.

ML | Du har sendt oss Jesus Kristus, din Son.

A | Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.

ML | Velsigna er han som kjem i Herrens namn.

A | **Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.**

L/ML | *Vi takkar deg, all miskunns kjelde. Du sende Son din. Han vart krossfest og stod opp frå dei døde. Han opna skriftene og openberra seg for venene sine då han braut brødet og gav dei.*

L | *No bed vi deg: Lat din heilage Ande koma over brødet og vinen, så auga våre blir opna, og vi kjenner han att som vår krossfeste og oppstadne Frelsar.*

Innstiftingsorda VERBA

L | *Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Like eins tok han begeret etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av det! Dette beger er den nye pakt i mitt blod, som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av det, så gjer det til minne om meg.*

Når liturgen syng eller seier fram orda, eller etter kvar del av innstiftingsorda, lyfter liturgen først brødet, deretter vinen.

Her kan følgja

Mysteriet i trua

Blir sunge eller sagt fram.

L | Mysteriet i trua er stort.

A | **Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att. Han vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.**

L/ML | *Heilage Gud, fyll oss med din Ande. Gjev oss brennande hjarte, så vi i undring og glede tek vare på ordet ditt og viser miskunn mot den som lid. Bli hos oss, også når vi tvilar og sørgjer. Gå med oss, inntil sagn og smerte har vike for evig jubel og lovsong.*

Nattverdsliturgien går vidare med Fadervår.

Nattverdsbøn e (Omarbeidd etter familiemessa frå 2003)

Helsing PREFASJONSDIALOG

- L | Herren vere med dykk. *Kyrkjelyden reiser seg og syng*
- K | Og med deg vere Herren.
- L | Lyft dykkar hjarte.
- K | Vi lyfter våre hjarte til Herren.
- L | Lat oss takka Herren vår Gud.
- K | Det er verdig og rett.

Innleiande lovprising PREFASJON

Liturgen vender seg mot altaret og syng eller seier fram kyrkjeårsprefasjonen, eller følgjande ord:

- L | Vi takkar deg, gode Gud, du som held himmel og jord i dine hender. Du har skapt oss i ditt bilete og gjeve oss livet i gåve. Saman med englane og di kyrkje i himmelen og på jorda lovsyng vi ditt heilage namn:

Heilag SANCTUS

Allmenn serie 1, 2, fest- og fasteserien

Innspeling av Allmenn serie 1 med orgel: <https://vimeo.com/448936250>

Innspeling av Allmenn serie 2 med band:

<https://kirken.no/globalassets/kirken.no/aktuelt/filer-2019/sanctus-master-v1.wav>

- A syng | Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot. All jorda er full av din herlegdom. Hosianna i det høgste. Velsigna vere han som kjem i Herrens namn. Hosianna i det høgste.

eller

Allmenn serie 3

For innspeling, sjå samleinnspelinga som er nemnt først i dokumentet.

ML og A syng

- ML | Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.
- A | Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.

ML | Du er Herre over himmel og jord.

A | Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.

ML | Du er herleg og mektig og stor.

A | Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.

ML | Du har sendt oss Jesus Kristus, din Son.

A | Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.

ML | Velsigna er han som kjem i Herrens namn.

A | Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.

L/ML | *Heilage Gud, vi takkar deg for Jesus Kristus, verd- sens frelsar. Han døydde og stod opp att for å gje oss evig liv. Vi takkar deg for gáva i dåpen, der vi blir fødde på nytt, og for nattverden, der du samlar oss som din store familie.*

L | *Vi bed deg: Send din heilage Ande over brødet og vinen. Gjer oss til eitt med kvarandre og med Jesus Kristus.*

Innstiftingsorda VERBA

L | *Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Like eins tok han begeret etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av det! Dette beger er den nye pakt i mitt blod, som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av det, så gjer det til minne om meg.*

Når liturgen syng eller seier fram orda, eller etter kvar del av innstiftingsorda, lyfter liturgen først brødet, deretter vinen.

Her kan følgja

Mysteriet i trua

Bli sunge eller sagt fram.

L | Mysteriet i trua er stort.

A | Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att. Han vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.

L/ML | *Gud, fyll oss med din Ande. Ta oss alle i din famn, slik ei kjærleg mor samlar borna sine om seg. Lat dei små bli lyfte opp og dei svoltne bli metta med gode gåver.*

Liturgen og/eller eitt eller fleire born syng eller seier:

Saman med alle dine born bed vi den bøna Son din har lært oss.

Nattverdsliturgien går vidare med Fadervår.

Nattverdsbøn f

Denne korte nattverdsbøna kan nyttast ved særskilte høve, til dømes når det er mange som blir døypte i gudstenesta.

Helsing PREFASJONSDIALOG

- L | Herren vere med dykk. Kyrkjelyden reiser seg og syng*
- K | Og med deg vere Herren.**
- L | Lyft dykkar hjarte.*
- K | Vi lyfter våre hjarte til Herren.**
- L | Lat oss takka Herren vår Gud.*
- K | Det er verdig og rett.**

Innleiande lovprising PREFASJON

Liturgen vender seg mot altaret og syng eller seier fram kyrkjeårsprefasjonen, eller følgjande ord:

- L | Gode Gud, du har skapt oss og kalla oss ved namn. Du opnar di hand og settar alt som lever med det gode. Saman med din kyrkjelyd i himmelen og på jorda lovsyng vi ditt heilage namn:*

Heilag SANCTUS

Allmenn serie 1, 2, fest- og fasteserien

Innspeling av Allmenn serie 1 med orgel: <https://vimeo.com/448936250>

Innspeling av Allmenn serie 2 med band:

<https://kirken.no/globalassets/kirken.no/aktuelt/filer-2019/sanctus-master-v1.wav>

- A syng | Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot. All jorda er full av din herlegdom. Hosianna i det høgste. Velsigna vere han som kjem i Herrens namn. Hosianna i det høgste.**

eller

Allmenn serie 3

For innspeling, sjå samleinnspelinga som er nemnt først i dokumentet.

ML og A syng

- ML |** Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.
A | **Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.**
- ML |** Du er Herre over himmel og jord.
A | **Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.**
- ML |** Du er herleg og mektig og stor.
A | **Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.**
- ML |** Du har sendt oss Jesus Kristus, din Son.
A | **Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.**
- ML |** Velsigna er han som kjem i Herrens namn.
A | **Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.**
- L/ML |** *Vi takkar deg for Jesus Kristus, vår frelsar. Han er det levande brødet som kjem ned frå himmelen og gjev verda liv.*
- L |** *Vi bed deg: Send din Ande over oss og gåvene dine, så vi kan ta imot Jesus Kristus i brødet og vinen.*

Innstiftingsorda VERBA

- L |** *Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Like eins tok han begeret etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av det! Dette beger er den nye pakt i mitt blod, som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av det, så gjer det til minne om meg.*

Når liturgen syng eller seier fram orda, eller etter kvar del av innstiftingsorda, lyfter liturgen først brødet, deretter vinen.

Her kan følgja

Mysteriet i trua

Blir sunge eller sagt fram.

- L |** Mysteriet i trua er stort.

A | Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att. Han vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.

*L/ML | Saman med alle dine born bed vi den bønna som Son din har lært oss:
Nattverdsliturgien går vidare med Fadervår.*

Nattverdsbøn g (Frå Gudstenesteboka 1992, «Johannesordninga»)

Helsing PREFASJONSDIALOG

*L | Herren vere med dykk. **Kyrkjelyden reiser seg og syng***

K | Og med deg vere Herren.

L | Lyft dykkar hjarte.

K | Vi lyfter våre hjarte til Herren.

L | Lat oss takka Herren vår Gud.

K | Det er verdig og rett.

Innleiande lovprising PREFASJON

Liturgen vender seg mot altaret og syng eller seier fram kyrkjeårsprefasjonen, eller følgjande ord:

L | Evige, allmektige Gud, du held himmel og jord i dine hender, du nemner oss alle ved namn, så vi skal høyra deg til og vera ditt folk på jorda. Saman med dei truande gjennom alle tider og med den store himmelhæren vil vi prisa ditt heilage namn:

Heilag SANCTUS

Allmenn serie 1, 2, fest- og fasteserien

Innspeling av Allmenn serie 1 med orgel: <https://vimeo.com/448936250>

Innspeling av Allmenn serie 2 med band:

<https://kirken.no/globalassets/kirken.no/aktuelt/filer-2019/sanctus-master-v1.wav>

A syng | Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot. All jorda er full av din herlegdom. Hosianna i det høgste. Velsigna vere han som kjem i Herrens namn. Hosianna i det høgste.

eller

Allmenn serie 3

For innspeling, sjå samleinnspelinga som er nemnt først i dokumentet.

ML og A syng

- ML |** Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.
A | **Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.**
- ML |** Du er Herre over himmel og jord.
A | **Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.**
- ML |** Du er herleg og mektig og stor.
A | **Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.**
- ML |** Du har sendt oss Jesus Kristus, din Son.
A | **Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.**
- ML |** Velsigna er han som kjem i Herrens namn.
A | **Heilag, heilag, heilag er Herren vår Gud.**
- L/ML |** *Heilage Gud, utan ende er di miskunn, og evig er ditt herrevelde. Du har fylt skaparverket med lys og liv; himmelen og jorda er fulle av din herlegdom. Gjennom Abraham lova du å velsigna alle folkeslag. Du berga Israel, ditt utvalde folk. Gjennom profetane nya du opp att lovnaden din. Og då tida var komen, sende du Son din, han som i ord og gjerning forkynte ditt rike og var lydig mot din vilje heilt til døden.*
- L |** *Vi bed deg: Send din Ande over desse gåvene, så vi kan ta imot Jesus Kristus i brødet og vinen.*

Innstiftingsorda VERBA

- L |** *Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Like eins tok han begeret etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av det! Dette beger er den nye pakt i mitt blod, som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av det, så gjer det til minne om meg.*

Når liturgen syng eller seier fram orda, eller etter kvar del av innstiftingsorda, lyfter liturgen først brødet, deretter vinen.

Her kan følgja

Mysteriet i trua

Blir sunge eller sagt fram.

L | Mysteriet i trua er stort.

A | **Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att. Han vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.**

L/ML | *Difor, miskunnsame Far, vil vi med dette brødet og dette beger koma i hug at Herren gav livet for oss. Og i trua på hans oppstode ventar vi på at han kjem att i makt og herlegdom og vil halda sitt store gjestebod saman med sitt folk.*

A | **Amen, ja, kom, Herre Jesus.**

L | *Vi bed deg, allmektige Gud, gjev oss din heilage Ande. Lat oss kjenna krafta av Kristi oppstode, så vi som tek imot hans lekam og blod, kan leva til pris og ære for din herlegdom og få del i den arven som dei heilage får i lyset.*

A | **Amen, ja, kom, du Heilage Ande.**

L/ML | *Sameina bønna vår med bønene frå tenarane dine alle stader og gjennom alle tider, og med forbønna frå vår store øvste- prest, som alltid bed for oss, til dess han kjem med siger, som Herren over alle ting. Ved han og i han og i samfunn med Den heilage ande skal all herlegdom og ære høyra deg til, allmektige Far, evige Gud, no og til evig tid.*

Alle nattverdsbønene held fram her

Fadervår

Blir sagt fram eller sunge.

Sjå Norsk salmebok 2013 nr 984.2 og 4 og 985.2 og 4.

A | **Vår Far i himmelen! Lat namnet ditt helgast. Lat riket ditt koma. Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen. Gjev oss i dag vårt daglege brød, og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar. Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde. For riket er ditt og makta og æra i all æve. Amen.**

Det er også høve til å nytta Fadervår etter 1977- og 1920-liturgiane.

22. *Nattverdsmåltidet

Kyrkjelyden står heilt til dei første går fram til nattverden.

Fredshelsing PAX

L | Guds fred vere med dykk.

K | Guds fred vere med deg.

Her kan ein leggja til:

L/ML | Lat oss helsa kvarandre med eit teikn på fred.

Kyrkjelyden helsar kvarandre med handtrykk og seier «Guds fred» eller liknande ord.

Her kan koma

Brødsbryting

L | Brødet som vi bryt, gjev oss del i Kristi kropp. Fordi det er eitt brød, er vi alle éin kropp.

Du Guds Lam AGNUS DEI

Allmenn serie 1, 2, fest- og fasteserien

Her kan du høyre Allmenn serie 1 med orgel:

<https://vimeo.com/448936250>

Her kan du høyre Allmenn serie 2 med band:

<https://kirken.no/globalassets/kirken.no/aktuelt/filer-2019/agnus-dei-master-v1.wav>

**A | Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss.
Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss.
Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, gjev oss din fred.**

Allmenn serie 3

For innspeling, sjå samleinnspelinga som er nemnt først i dokumentet.

ML og A syng

ML | Amen, kom, Herre Jesus.

A | Amen, kom, Herre Jesus.

ML | Du er Lammet som ber vår synd.

A | **Amen, kom, Herre Jesus.**

ML | Du er Lammet som gjev oss din fred.

A | **Amen, kom, Herre Jesus.**

ML | Du er brødet som gjev oss ditt liv.

A | **Amen, kom, Herre Jesus.**

L | *Kom, for alt er gjort ferdig.*

Som alternativ kan ein gje invitasjonen før kyrkjelyden syng Du Guds Lam.

Utdeling

Under utdelinga kan ein syngja ein eller fleire salmar, eller det kan vera korsong eller annan høveleg musikk.

Utdelingsorda lyder slik:

Kristi kropp, gjeven for deg. Kristi blod, gjeve for deg.

Det er òg høve til å nytta utdelingsorda

Dette er Jesu lekam. Dette er Jesu blod.

Dei som kjem fram og viser at dei ikkje skal ta imot nattverden, blir velsigna av den som ber brødet, med handspålegging eller krossteikning.

Liturgen kan seia dette eller liknande ord:

Herren velsigne deg og vare deg og føre deg til det evige livet.

Dersom det er utdeling med felles knefall, kjem fredsønsket anten etter kvart knefall eller til slutt.

Etter utdelinga:

L | *Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve oss sin kropp og sitt blod som han gav til soning for alle våre synder.*

A (eller L) | **Han styrkje oss og halde oss oppe i ei sann tru til det evige livet.**

L | *Fred vere med dykk.*

23. Avslutning av måltidet

Alteret blir rydda. Beger og disk blir dekte med nattverdsklede.

Takkebøn

Her kan liturgen/medliturgen seia eller syngja:

L/ML | Lat oss takka og be

Her bed ein ei av takkebønene nedanfor, den første kan liturgen syngja:

L/ML | Vi takkar deg, himmelske Far, for dine velsigna gåver. Vi bed at du ved desse gåvene vil halda oss fast i trua på deg, sameina oss i din kjærleik og stadfesta i oss håpet om det evige livet, for Jesu Kristi skuld.

K | Amen.

eller

L/ML | Vi takkar deg, visdoms Gud, for den djupe løyndomen i ditt måltid: Brødet vi har brote, er eitt. Son din har gjeve sitt liv for éi verd og éi menneskeslekt. Vi bed deg:

A eller L/ML | Hjelp oss å høyra det ropet du har høyr, å sjå den nauda du har sett, og å elska nesten vår som oss sjølve.

eller

L/ML | Vi takkar deg, nådige Gud, du som gjennom brødet og vinen har gjeve oss del i Jesu Kristi sigerrike død og oppstode. Vi bed deg:

A eller L/ML | Styrk oss ved din Ande til vitnemål og teneste i verda.

eller

L/ML | Trufaste Gud, du som i dåpen har gjeve oss barnekår og gjort oss til arvingar i ditt rike. Vi takkar deg for dette måltidet, der du har gjeve oss forlating for syndene og fornya oss i trua på dine lovnader. Vi bed deg:

A eller L/ML | Styrk oss ved din Ande til vitnemål og teneste i verda.

IV SENDING

24. *Salme

Salmen kan flyttast til Postludium/Utgangsprosesjon, ledd 27.

25. *Velsigning

Når det gjeld velsigningsord som kan brukast på andre hovudgudstenester enn høgmessa, sjå s.247.

Velsigninga blir sunge eller lesen.

Den enkelte kan gjera krossteikn etter velsigninga. Innleiing til velsigninga kan vera:

Lovprising BENEDICAMUS

L/ML | Lat oss prisa Herren.

K | Gud vere lova. Halleluja. Halleluja. Halleluja.

eller

Helsing SALUTATIO

L | Herren vere med dykk.

K | Og med deg vere Herren.

eller

L | Ta imot velsigninga.

L | Herren velsigne deg og vare deg.

Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.

Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred. ✠

Kyrkjelyden kan syngja:

K | Amen. Amen. Amen.

Tre gonger tre bøneslag

26. *Utsending

Dersom kyrkjelyden blir sitjande under det etterfølgjande postludiet, kan utsendingsordet seiast etter postludiet.

Her kan følgja:

L/ML | Lat oss gå i fred,

A | i Jesu Kristi namn.

eller

L/ML | Gå i fred. Ten Herren med glede.

27. *Postludium/Utgangsprosesjon

Dersom det er utgangsprosesjon, kan kyrkjelyden følgja etter prosesjonen. I staden for postludium kan kyrkjelyden syngja ein salme medan ein går ut.

Etter gudstenesta kan kyrkjerommet vera ope ei stund, med høve til stille bøn og ettertanke.

Ein kan òg følgja opp oppdraget ved utsendinga med fellesskapssamling, soknebod og anna besøksteneste, forbønsteneste og andre diakonale og misjonale handlingar.